

## Rjukanfossen

Knut Dahle (1834-1921) i Tinn var ein spelemenn som kom til spela ei avgjerande rolle for slåttespellet i Telemark. Fyri honom hadde Håvard Gibøen på Møsstrond (1809-1873) bruka mykje av si tid til å tileigne seg det rike spelet til Knut Lurås (1782-1843) frå Tinn.

Knut Lurås blir sett på som ein av dei som grunnla telemarkstradisjonen i spel, da han var mykje aktiv og gåverik, og samla inntrykk og musikk frå store delar av Aust- og Vestlandet. Håvard blei den som tok opp mest av arven etter honom, så korrekt det lot seg gjera. Og heldigvis skulle Håvard få ein liknande elev – nemleg Knut Dahle.

Knut var ikkje berre ein særskilt evnerik og lynskarp mann. Han var også av audmjuk og pliktoppfyllande natur, noko som gjorde at han la seg veldig i selane for å få slåttane heilt riktige når han lærde dei – slik Håvard hadde fått dei av gamle Knut Lurås.

Slik skil Knut seg på mange måtar litt ut i frå dei andre legendariske spelemennene ein høyrer om; han skapa ikkje sitt eige spel og si eiga form, men såg på det gamle som så fullendt at det var verdt å legge ned ein stor innsats for å lære det så nært opp til kjelda som mogleg. Dette gjaldt ikkje berre spel, men også anna bygdekultur – som segn, song og tinndølmål.

Han var ei god kjelde for folkeminnegranskarar som reiste rundt og var sjølv ei eldsjel som var redd dette verdfulle skulle dø ut.

Det er det litt rart å tenkje på i dag; at det allereie for så lenge sidan var ei frykt for dette.

Han sank ikkje slåttar berre frå Gibøen, men også av alle dei andre store spelemennene i Telemark denne tida – som Hans Fykerud og Hans Hellos frå Bø, og Møllarguten frå Sauherad, samt andre eldre spelemenn i Tinn.

Til og med frå den mykje yngre Lars Fykerud (1860-1902), lærde han seg slåttar – og Lars lærde av honom.

Knut skjøna og kjende kva som var verdt å taka vare på. I si redsle for at slåttane hans skulle gå i grava med honom tok han kontakt med sjølvaste Edvard Grieg og bad honom om å skrive ned musikken hans på noter. Edvard, som frå før var glad i slåttspel, tende på idéen og bad Knut reise til Kristiania, der Johan Halvorsen venta på honom for å transkribere slåttane. Det blei da skrive ned ei heil rekkje slåttar som Edvard Grieg seinare arrangerte for klaver, og kalla Opus 72 – eit verdskjend verk.

Knut var forut si tid med å tenkje i dei banar – og kanskje hadde han ikkje tenkt slik, om han da visste at han kom til å få ein solid arvtakarar i sonesønene Johannes (1890-1980) og Gunnar (1902-1989) Dahle.

Johannes var den som tileigna seg mest direkte av godfaren, da han var den eldste av dei. Han førte dei vidare i like stor respekt for føredømet som Knut sjølv hadde gjort.

Johannes fekk også ein slik fin elev; Olav K. Øyaland (f.1922) i Tinn, som er den i dag som kan gje oss ein smak av korleis Knut Lurås, Håvard Gibøen, Knut Dahle og Johannes Dahle eingong spela.

Ei så lang, stø og ubrotten lekkje med audmjuke og meisterlege spelemenn er sjeldsynt å sjå. Og i denne lekkja er Knut Dahle midtpunktet ein ikkje kunne vore foruten.

Men Knut var også ein skapande kunstnar. Det var ikkje alltid han ville innrømme at han hadde laga noko, smålåten som han var. Men mykje teiknar til at ein del slåttar er frå hans eigen hand - og den mest kjende av desse er Rjukanfossen.

På Åmyrmarken i Rauland møttest spelemenn frå Telemark og Vestlandet. Knut Dahle var mykje der, særleg for å høyre Møllarguten og Gibøen. Dette kunne bli lange døger med spel, og ein gong han skulle heim etter nokre slike dagar blei han sliten og sette ned seg på ein stein ved Rjukanfossen. Her blunda han av litt og da han vakna høyrde han ein slått blei spela. Han såg ikkje kvar det kom frå, men det var liksom det kom frå djupet i den veldige fossen. Det er rart med det – når ein har høyrte mykje felespel nokre dagar er det som det er slåttar i alt som let.

Og denne slåttan Knut høyrde gjorde så inntrykk på honom at han kunne spela han når han kom heim.

Knut bestemte seg for at dette måtte vera noko han hadde høyrte medan han var på Rauland. Seinare spela han springaren for Kjetil Håvardson, son av Håvard Gibøen, som sjølv var god spelemann. *"Hårr he du lært den låttan der?"* spurde Kjetil. Knut svara at den måtte han ha etter anten Håvard eller Møllarguten. *"Nei, dessen takje spøla kvarkje far hell Myllaren – o så skjømele' fine som dem va',"* svara Kjetil. *"Ja, da må det væl vøra tå Fossegrimen da, fe e kom på låttan ved Rjukanfossen,"* slutta Knut av med. Den beskjedne tinndølen ville ikkje innrømme at det var hans signatur på springaren.

Rjukanfossen har blive ein av dei verkeleg store kappleikslåttane. Ein typisk spøk omkring denne slåttan er om han blir spela fyri eller etter reguleringa. Men ein ting er sikkert: Når Knut Dahle høyrde slåttan var Rjukanfossen i sin fulle prakt.

**Anbefala innspeling:**

*Gunnar Dahle: "Norsk Folkemusikk 6 – Folkemusikk frå Telemark "* (GRCD4066, Grappa Musikkforlag 1995)

**Kjelder:**

- *Knut Buen: "Som Gofa spøla"* (Rupesekken forlag, 1983)